

Det nærmar seg helselagsbasar.

21.03.2016



Eli Roseth Eik og Jofrid Eik var to av damene som selde lodd på Spar på fredag.

**Uskedal helselag har lange trdisjonar med den årvisse basaren sin. Den er både populær og godt besøkt. No lakkar det mot årets basar, og sist fredag var nokre av helselagsdamene på plass i kroken på Spar og selde lodd. I morgen, tirsdag, er dei igjen på plass. Etter det eg kjenner til, kjem dei ikkje til å gå rundt på bygda og selja.**

Basaren vert i Helgheim søndag 10.april kl.16. Det vert som vanleg ein basar av det gode, gamle slaget med treårar, kaffi, kaker og alt som høyrer til. Som alltid har dei ei rikhaldig gevinstliste på bøkene, som viser at dei har fått mange flotte gåver. Lagsmedlemmene vert heilt sikkert også glade om nokre ønskjer å gje áregevinstar til basaren.

Helselaget gjer eit svært godt arbeid til støtte for helsebringande tiltak, mange av dei er lokale, og her i bygda har dei kvart år støtta tiltak som set fokus på helseførebyggjande arbeid blant born og unge.

Gledeleg er det også å sjå at det har vore bra reruttering til arbeidet i Uskedal helselag. Dei siste åra har det kome til ein del yngre, aktive damer.

Alle som vil støtta dette gode arbeidet, kan t.d. gjera det ved å kjøpa lodd på Spar Uskedalen tirsdag, eller ved å gå på basaren 10.april kl.16 i Helgheim.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland